


Bømoen og Tvildemoen

Litt om dei gamle ekserserplassane



Eit skrift frå Tysklandsbrigaden,

Veteranforening for Voss og omland, MMVIII
www.tysklandsbrigaden.no

VOSS 2008

ISBN 978-82-995058-2-6

Grafisk produksjon: Voss Prenteverk A/S, Voss


Det var ein gong ein soldatheim



Det var ein gong ein soldatheim på Bømoen. Det var kristeleg ungdomsforeningar som tok initiativet og samla inn pengar til bygginga. Den 5. mai 1914 vart soldatheimen på Bømoen innvigd og opna. Soldatane hadde då endeleg fått ein samlingsstad på fritida – der dei kunne skriva brev og handla mat og anna. "Prisen på marketenteriet var låg og det var ikkje meininga at regimentet skulle driva det for å tena pengar", er det sagt i boka om IR-10.

Under eit tysk flyåtak 23. april 1940 vart soldatheimen råka av ei brannbombe og gjekk opp i flamar.

Også på Tvildemoen var det ein soldatheim som vart reist i 1909, slik at soldatane hadde ein stad å gå til utanom teltet eller brakka.



Frå Bømoen i 1910

Voss har ein spesiell plass i Forsvarets historie – det var einaste staden i Sør-Noreg der det i april dagane 1940 lukkast å mobilisera ein heil feltbrigade nokolunde ”etter boka”. Dei gamle minna om Bømoen og Tvildemoen – og det som skjedde i tilknytning til desse ekserserplassane - fortener å verta tekne vare på.

Forsvaret på Voss er ei lang historie som spanner frå dei første militære installasjonane på 1700-talet – opprustinga før unionsoppløysinga i 1905 – krigshandlingane i 1940 – atterreisninga av Hæren etter krigen - til oppbygginga av Alliert Treningscenter Sør. Her er det berre plass til nokre små glimt.

Soga om det militære forsvaret på Vestlandet går langt attende – heilt frå Christian Kvart skipa ein eigen norsk hær i 1628 til avløysing av den gamle leidangen. Då oppstod det Bergenhusiske Regiment for Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Det vart m.a. skipa eit kompani for Nordhordland og Voss.

Det har vore mange omskipingar seinare, men dei ”Bergenhusiske” var alltid med når det gjaldt. Regimentet var med på mange felttog i Noreg og utanlands – slik det går fram av den gamle regimentsfana for IR 10:

- Trøndelag 1650
- Halden 1660
- Vænersborg 1676
- Marstrand, Carlsten 1677, 1719
- Berby 1808
- Vosseavsnittet 1940
- Valdres 1940



Norsk soldatbok 1921

Voss skulle etterkvart spela ei viktig rolle i den militære organiseringa på Vestlandet.

I 1718 vart det store Bergenhus-regimentet delt og vi fekk det som i nyare tid vart kalla Fjordane Infanteriregiment nr 10.

Det var mindre ekserserplassar for dei lokale kompania i mange bygder – også på Voss der det var eit telthus i Prestegards-moen, dvs eit hus der dei lagra utstyr og våpen. Ekserserplassen på Vossevangen vart teken i bruk i 1718, då det Vossiske kompani vart skipa. I boka om IR-10¹ er sagt at ”dei hadde skyte-bana si på Vangen og skaut mot Tunshovden (Skulehaugen). Det første telthuset vart bygt på staden i 1730-åra. Det Aurlandske kompani hadde og nokre legder på Voss og ekserserte der frå 1790 då det andre telthuset vart bygd”.

I 1789 vart Vossiske Nasjonale bataljon ein del av det nye Bergenhusiske regimentet.

Under krigen mot Sverige 1807-14 var vestlendingane sjølv sagt med, m.a. i slaget ved Berby i 1808.

Th. S. Haukenes skriv i 1887 at iblandt tok dei Vangskyrkja i bruk for opplæring av nye rekruttar: ”*En Særegenhed ved 1825 aars Vaabenøvelse paa Vossevangen var, at Øvelserne for en del kom til at foregaa i selve Kirken paa Vangen. Da eksersisen skulde tage sin Begyndelse, laa der endnu saa meget Sne paa Pladsen, at det var umulig at holde til her, og de befalshavende lod da uden videre Kirken aabne og rekruttoverlserne foregaa her...*”²

¹⁾ Oberst Jakob Bragstad: FJORDANE INFANTERIREGIMENT NR 10, i gamal og ny tid

²⁾ Frå IR 10's arkiv

Ekserserplassen på Vangen var i bruk til 1860-åra då han vart flytta til Lærdalsøyri og Ulven.

I åra før unionsoppløysinga i 1905 var det ei kraftig styrking av forsvaret, og den militære beredskapen var retta austover.

Dersom krigen skulle koma var det viktig med rask overføring av vestlandsavdelingar til Austlandet.

Bergensbanen var i 1899 ein god grunn for å leggja ein større ekserserplass til Voss. Utan banen hadde det knapt kome ein større "eksisplass" på Bømoen. Arbeidet med jarnveg austover var i gang. Vossebanen hadde vorte opna i 1883 og i 1884 vedtok Stortinget at banen skulle først vidare over fjellet til Hønefoss.

Ekserserplassen for Sogn bataljon var i 1874 flytta frå Lærdal til Vik som den gongen låg lagleg til for kompania frå Sogn og Sunnfjord. Men Viksmoen låg ikkje lagleg til i høve til Bergensbanen – det var eit godt stykke mellom Vik og Voss. Til det kom at arealet i Vik på 180 mål var for lite til to bataljonar.

Difor vedtok Stortinget 16. desember 1898, mot sterke protestar, å flytta heile leiren frå Vik til Voss. (At det var ei rett avgjerd synte seg i 1940 då 4. Brigade vart transportert frå Voss til Gol.)

Den nye ekserserplassen vart lagt ved utløpet av Raundalen, knappe 5 km frå Voss sentrum. Leirområdet er for det meste flate sandmoar med furuskog.

I boka om Fjordane Infanteriregiment nr 10 fortel oberst Bragstad at det vart ekspropriert heile 2000 mål frå gardane Rykkje, Bø, Hydle, Bakketun og Ygre. I 1910 vart i tillegg tre av Skjervegardane kjøpte og ein oreigna areal til skytefelt for bergartilleriet.

Det var eit stort arbeid som måtte til for å gjera Bømoen tenleg som eksisplass. Skog måtte ryddast, det måtte byggjast ein skytebane, og ein måtte få eit tilstrekkeleg stort "manøverterrain". Og så kom depotbygg og brakker for soldatane etterkvart.

TIL GRÆNDSEN

Det fjerde korpset i Bergenske infanteribrigade – som det heitte den gongen - var Hardanger bataljon, skipa i 1867, og som i 1905 held til på Tvildemoen. Det var ei kritisk tid den våren og sumaren, og landet budde seg på krig og treninga vart både hardare og viktigare. Heile landet held pusten.

Bataljonen hadde laga seg ei eiga lita fane med følgjande talande tekst:
”Til Grændsen”.

Denne fana bar dei i fronten når dei var på utmarsj. Fana heng framleis i messa på Bømoen.



Parade for fana – defilering for divisjonssjefen i 1930 på Bømoen

IV Korps (Hardanger) planla marsjordre for bataljonen austover. I tidlegare tider gjekk marsjen frå Lærdal over Filefjell. Men no var det nye tider. I eit brev frå korpssjefen i juli 1905³⁾ går det fram at arbeidet med Bergensbanen var kome så langt at skinner var lagt til Reyme (Reime) og at det vart lagt 700 meter skinner kvar dag. Eit stykke på veg kunne ein altså nytta jernbanen, men vidare over fjellet måtte ein gå til fots. Men korpssjefen var bekymra for at jernbanen berre hadde seks vogner som til saman kunne ta med seg 180 mann.

I 1911 var det overgang att til regimentsordning og vi fekk Nordre Bergenhus Infanteriregiment nr 10. Enno ei tid vart det satsa på forsvaret. Regimentet hadde følgjande einingar:

- Hardanger bataljon
- Sogn bataljon
- Søndfjord bataljon
- Landvernsbataljon. I tillegg administrerte regimentet 4. hjulryttarkompani

Ein gong var det vanleg i europeiske armear med infanteristar på to hjul, serleg som ordonansar og i oppklåringsteneste. Om vinteren skulle dei vera skiløparar og i Noreg har vi gamle tradisjonar med skiløparkompani.




Hjulridar i full krigshyra.

Norsk soldatbok 1921

³⁾ Brevet er tatt inn i saga om Fjordane infanteriregiment, s 140

Signalavdeling ved rekruttskulen på Bømoen 1920



IR-10s arkiv

Samband har alltid vore viktig for militære avdelingar. Før feltradio kom i bruk vart det lagt stor vekt på optisk signalering – ved semafor-flagg eller ved morse-signal med flagg, eller lanterner når det var mørkt.

I soldatboka frå 1921 er sagt at ”Det er mykje um å gjera at den som signalerer, står soleis at signali er lette å sjå frå eigi avdeling, men at dei ikkje lét seg lesa frå fiendleg sida. Fyrr du vel plass, so tenk på korleis ljuset fell, og korleis bakgrunnen ser ut for den som skal taka mot signali”.

Vaskekoner på Bømoen kring 1900.




IR-10s arkiv

Den militære aktiviteten på Voss gav auka sysselsetjing i bygda. Forsvaret kjøpte i stor grad varer og tenester lokalt. Voss Dampvaskeri hadde såleis all vask av klede, ullteppe og uniformar til soldatane på Bømoen og Tvildemoen.

Framfor offisersmessa på Bømoen i 1934




IR-10s arkiv



Ei avdeling frå Bømoen på Fjosestolen i 1936.

IR-10s arkiv

Jernbanestoppestad for Bømoen på Kinne



Utlånt frå Gunnar Kinne.

I 1929 vart det bygt bru over Raundalselva ved Kinne. Arbeidet med Granvinbanen var då i full gang. Då banen kom i drift 30. mars 1935 vart Kinne stoppeplass viktig for Bømoen. Dei nye rekruttane tok gjerne toget til Kinne stoppestad og vandra så over brua til Bømoen. Det hende også at ekstratog kom til Kinne med soldatar.

Brua stod til 1984 då ho var så skrøpeleg at ho vart riven, med hjelp av m.a. Royal Engineers, ifølgje "Hordaland" 23. juni 1984.

Garden Kinne kom til å spela ei rolle også i aprildagane i 1940. Her hadde kaptein J. Chr Gundersen kommandoplassen sin.

Han var sjef for Mitraljøsekompani 4 og var med på kampane i Skjervet.

På grunn av den tyske fly-aktiviteten vart det ordna med innkvartering fleire stader utanfor Bømoen og Tvildemoen for avdelingar som skulle setjast opp.

Det var ein gong



IR-10s arkiv

Søndhordland bataljon 1914:

Fellesøving med IR 9 i området Bulken-Hamlagrø- Bergsdalen- Kvitingen- Storbakkene og Kalseid.

Det var tunge motbakkar for infanteriet den gongen òg.

Jakob Sande på moen

I 1931 var Jakob Sande rekrutt på Bømoen og han laga ei vise til Mitraljøsekompaniet, til melodien "Se Norges Blomsterdal".

Dei to første versa lyder:

**Ta hatten av for oss.
For slik ei kraft i legg og lår
og bringevidd som vår
har ingen sett på Voss.
Og når me takten trør
då kjem me som ei flaumstor elv
./. so heile gjorda skjelv./.**

**Dei andre dei er skrot;
men her hjå oss er kvar ein mann
når du legg mål på han
sju-åtte gamle fot.
Og fær me lapskaus nok
vert skrotten snart so tjukk og rund
./. at me trør vekta sund./.**

Det var fem vers i alt og alle er med i boka om
Fjordane Infanteriregiment nr 10.

Tvildemoen 1888-1998



Hardanger bataljonen på Tvildemoen i 1903

Hardanger bataljon som vart skipa i 1867 var stadig på flyttefot og ville gjerne ha ein fast øvingsplass. Bergens bataljon hadde i 1876 fått Ulven som eksisplass, og det vart også en mellombils øvingsplass for Hardanger bataljon. Endeleg vart det i 1882 vedteke at ekserserplassen for bataljonen skulle vera på Tvildemoen og brukarane på Tvilde leigde ut ein stor part av gardsbruka sine til militæretaten. Staten fekk og leiga husmannsplassen "Vasslien" av bruka på Gjerdåker. I alt vart det sikra eit areal på 800 dekar.

Husmannsplassen "Raaen" vart lagt til moen gjennom eit makeskifte med Prestegarden.

Sumaren 1883 tok Hardanger bataljon sin nye eksisplass i bruk og det vart mykje teltliv dei første åra, før det var bygd brakker. Men soldatane var iallfall glade for at det vart bygd tak over kokeplassane. Bataljonen vart verande på Tvildemoen til 1911 då dei flytta til Bømoen.

Aarets Vaabenøvelser

Indkaldelse

til

vaabenøvelserne 1890 ved 4. korps (Hardanger)

under Bergenske brigade.

I henhold til lov af 16. Juni 1885 samt kongelig resolution af 21. December 1885 bestemmes herved:

A. For rekrutskolen og kompaniexersitien:

1. Alle fra 1. Mai 1890 fra 13. udskrivningsdistrikt til Hardanger linjebataljon udskrevet mandskaber af stridende, ikke-stridende og træne fremmøder paa exerserpladsen Tvildemoen paa Voss Fredag den 16. Mai 1890 kl. 12 $\frac{1}{2}$ middag for at gennemgaa rekrutskolen fra og med den 17. Mai til og med den 27. Juni og kompaniexersitie fra og med 28. Juni til og med 9. Juli.
2. Mandskaberne indkvarteres og forpleies ved korpsets førsorg fra og med 17. Mai til og med 9. Juli.
3. Mandskaberne medbringer, foruden sine lodtrækningskort, bøsse, søbe, kam, kniv, gaffel og ske.

IR-10s arkiv

Tvildemoen var i flittig bruk, både til rekruttopplæring og "bataljonsexersitie".

I innkallinga til øvingane i 1890 er det m.a. sagt at "Mandskaberne medbringer, foruden sine lodtrækningssedler, ogsaa salmebog, en liden væske med sysager, børster, sæbe, kam, kniv, gaffel og ske".

Vidare er sagt at "Mandskaberne maa fremmøde renvaskede og med kortklippet haar".

"Hordaland" 3. mai 1899:

(Frå IR 10s arkiv)

"Vaabenøvelserne på Tvildemoen tar sin begynnelse i disse dage.

Sogns bataljon ankom med ekstratog sidste mandag og Hardanger bataljon skal møde i dag. Under rekruttskolen benyttes Tvildemoen for begge bataljoner, da Bøjarmoen ikke endnu er gjort saapas brugbar, at den kan benyttes til øvelseplads; under bataljonssamlingen maa den imidlertid tages i brug.

Soldaterne av de Sognske bataljoner maa da indkvarteres paa gaardene opover Tykkebygden, hvor bønderne har utleiet sine løer til kaserner.

Officersmessen blir paa Hydle, hvor en af opsidderne har utleiet alle sine huse paa stabburet nær til militært brug under bataljonssamlingen".

”Ingen fulde mennesker at se” ”Hordaland” 16. mai 1900:

(Frå IR 10s arkiv)

”Sogningene rykkede igaar ind paa Tvildemoen hvor rekruttskolen skal holdes. Indrykningen gikk som sedvanlig de sidste aar meget pent for sig – ingen fulde mennesker at se. I dag kommer Hardingerne”.



Den første skytebane på Tvilde kring 1900.


Den militære skytebane på Tvilde vart også nytta av Voss skyttarlag. I 1898 hende det ei sørgjeleg ulukke ved at ein 13-årig gut hadde kome seg bak skivene og vart råka av eit skot. Det vart ei tragisk dødsulukke, og ei påminning om at sikringa ved ein skyteplass alltid må vera god.

Slaget om Båbrua

I helgane var det gjerne leik og dans. Bygdefolket møtte jamt opp og svinga seg i dansen. Det gjekk stort sett fredeleg for seg, men ikkje alltid. I boka om IR-10 (s 373) er det gjeve ei livfull skildring av slaget om Båbrua i 1885. 17. mai om kvelden var det dansemoro på Tvildemoen og mykje bygdefolk møtte fram. Dansen gjekk livleg, men kl 10 måtte soldatane attende til brakkene. Bygdefolket tok det likevel med ro. Ein ung løytnant som var vakthavande ba dei sivile om å dra seg bort frå plassen, men då det ikkje skjedde vart ei avdeling soldatar henta frå leiren. Det vart eit stort slagsmål som det gjekk ord om lenge etterpå. Løytnanten gav ordre om å dra blankt, og soldatane brukte dei lange bajonett-sablane til å slå bygdegutane over leggane, og når det ikkje hjelpte, over ryggen. Frå bygdegutane vart det svart med steinkasting, og "slaget" bylgja fram og attende.

To av hovudpersonane i "slaget" møttest nok seinare i livet. Løytnant Bratlie vart statsminister i tida 1912-13, medan Ole J. Bjørgum vart Stortingsmann, fortell Bjørn Pedersen og Johs. Ystås (Knoll og Tøtt) i skriftet sitt om Tvildemoen ekserserplass.

**Korpsmusikken for IV. Korps, Hardanger bataljon
under leiing av Bataljonshornblæser, fanejunker
Hemming Olaus Sollid, f 1859.
Han var bataljonstambur ved Hardanger bataljon i tida
1887-1911.**



1. rekkje: Nr 5 Andreas Larsen Klette (1871-1944).
Han vart regimentshornblåsar for IR-10 i tida 1917-1928.
Han flytta då attende til Rosendal.
2. rekkje: Nr 4 Nils O Møen (1876-1959), Nr 5 Endre Lidsheim (1875-1963),
Nr 6: Brynjulv Repål (1870-1930).

*Biletet vart teke i Landevernsleiren på Tvildemoen om lag år 1900. Det har vore i
Gunnar Vethe si eige og er utlånt av Ragnhild Vethe Nordbø.*

Sølv på Tvilde

I Vosseboki har Lars Kindem skrive om sølvgruva på Tvilde som var i drift på 1700-talet. I tingboka har det også vore nemnd ei blygruve.

Kindem skriv at *”Denne blygruva må visst vera den gamle sølvgruva ved Raundalselvi på Tvilde sin eigedom, for ein veit ikkje um noko gruve andre stader ikring Båbrua.*

I 1860-åri var to engelskmenn her, fekk reinska opp gruva og tømt henne. Det synt seg då at ho går rett ned ikring 8 meter, svingar so og går på skrå i sørvestleg retning burt under elvi til umlag midt under henne”.

Det har vore teke ut mutingsbrev fleire gonger, m.a i 1888 av ”Hr. Overretssagfører Chr. Michelsen af Bergen”. Furer Ola Hardeland, Tvildemoen, muta påny i 1917 under namnet „Tvilde skjerp“. **Olav Tvilde** fortel at den siste som skal ha drive i gruva var Erik Fagnastøl kring 1915-18.

Men dei fann ikkje stort. I brev frå Norges geologiske Undersøkelse er sagt at *”Forekomsten synes etter de innsendte prøver å domme å føre ganske lite blyglans, magnetkis og svovelkis i kvarts”.*

Mathenting ved kjøkenet på Tvildemoen i 1920-åra



IR-10s arkiv

Kosthaldet har alltid vore viktig. På mange felttog i gamal tid var det mange som leid – svolt og sjukdom herja.

Under det Bergenhusiske regiment si deltaking i operasjonane i Bohuslen – står det i boka om IR 10 – at Gyldenløve klaga til Kongen i eit brev datert 1. desember 1675, over at det

”trods fienden er i vente, er det rent umuligt at holde tropperne sammen af mangel paa mad, spesielt er de Bergenhusiske folk saa forslugne, at de ikke engang kan greje sig med 2 dagsportioner daglig for hver mand.”

I nyare tid vart det betre, men mange er historiane om kosthaldet på moen. Som t.d. om kompaniet som på manøver gjekk utan mat i lang tid, avdi stridsdomaren hadde dømt ut bilen med proviant.

Det gjekk med mykje halm

I saga om Tvildemoen ekserserplass skriv Knoll og Tott
(Bjørn Pedersen og Johannes Ystås):

”Til kvar innrykking om våren og sumaren kom det store sendingar med halm, som soldatane bruka i madrassene sine. Dei hadde ikkje den første tida noko eige hus å lagra halmen i, den vart difor lagra i brakkeromma.

I 1893 vart bataljonsovinga sløyfa, dermed låg det lagra over 120 halmballar i brakkene. Desse halmballane måtte lagrast i vognskuret som var reist dette året, for å hindra om det vart eld laus i brakkeleiren. Men i 1898 fekk dei reist eit eige halmstur. Det var eit morosamt syn når fleire hundre mann var samla kring halmhuset, riste halm og stappa i madrassene sine.”


Frå rekruttskulen ved Søndhordland bataljon på Tvildemoen 1924



(Utsnitt frå fotografi teke av fotograf Askeland)

Då Hardanger bataljon flytta til Bømoen i 1911, overtok Søndhordland bataljon leiren og var der til 1930 då bataljonen vart ein del av IR 9 på Ulven i Os. Bergartilleribataljon nr 2 overtok då leiren saman med 4. Sanitetskompani.

Tvildemoen har vore nytta av mange avdelingar, m.a. 4. hjulryttarkompani. Om vinteren vart hjulryttarane sett opp med ski og vart serleg nytta i rekognoserings- og meldeteneste.



Under nøytralitetsvakta under første verdskrigen var det serleg folksamt på Tvildemoen. Ei av avdelingane som låg der var Gudbrandsdalen bataljon.

Som eit minne om denne tida reiste Gudbrandsdølene ein bauta med slik innskrift:

***”Gudbrandsdalen bataljon
reiste steinen vinterdagen 1915”.***

I Kommunedelplanen for kultur er bautaen sett på som verneverdig, og staden der han står er i reguleringsplanen avsett til grøntareal.

I 1960 flytta IR-10 Fjordane Infanteriregiment over til Tvildemoen.

Omorganisering av forsvaret førte til at Fjordane Infanteriregiment vart nedlagt 1. august 1995. Men Stortinget fann det tenleg å ha eit regiment på Voss, også avdi Bømoen og Mjølfjell skytefelt skulle haldast oppe som nasjonalt øvingsfelt Dermed oppstod i 1995 Fjordane Regiment (FJR) som skulle ha det territorielle ansvaret for Sogn og Fjordane og midtre og indre delar av Hordaland.

Det nyoppretta regimentet hadde først delt standkvarter Tvildemoen/Bømoen, men flytta så til Bømoen i 1996.

Blankvåpen var viktige i gamal tid

Soldatane var i eldre tider gjerne utstyrt med sidevåpen – t.d. ein Hirschfenger som var ein kraftig, rett sabel. I 1801 vart Hirschfengeren forma slik at sabelen kunne festast på geværet, og dermed vart det eit fryktinngytande stikkvåpen i nærkamp. Biletet syner ein Hirschfenger M.1801/1788. Det har ei kraftig ein-egga klinge som er 58 cm lang.

Truleg er bajonetten frå krigen 1807-14 der også dei "Bergenhusiske" var med. Han vart funnen for godt over 100 år sidan, gøymd i ein løe-vegg nær svenskegrensa. Kven som gøymde han - det får vi nok aldri svar på.



Sluttstrek etter 110 år



Leirflagget vart firt for siste gong.

Foto: Gunnar Midtun

Den 30. april 1998 vart det sett sluttstrek for den militære aktiviteten på Tvildemoen – ein 110 år gamal tradisjon vart avslutta. Leirflagget som Hardanger Bataljon første gongen heiste i 1888, vart firt for siste gongen. Oberst Hesjedal helsa regimentet og heldt tale ved oppstillinga. Til høgre står steinen som Gudbrandsdalen bataljon reiste i 1915.

Fjordane regiment fekk ikkje lang levetid. Det vart nedlagt i august 2002, og det territorielle ansvaret vart overført til HV-distrikt nr 10. Samstundes vart markert at Alliert Treningssenter-Sør skulle rå grunnen på Bømoen.

Travbane på Tvildemoen

I 1879 vart Voss Travkøyseselskap (Voss Travlag) stifta og alt i 1886 var det premiekappriding på Tvildemoen.

Ei travbane vart bygd på dugnad og opna i 1937. Så kom tyskarane og brukte bana til andre føremål, men travkøyinga vart teke opp att etter krigen.

(”Hestar og hestekarar på Voss”, utgjeve i 1979.)

Grunnarealet på Tvildemoen

vart leigd av staten ”til militært bruk” ved ein kontrakt datert 3. juni 1882. Grunneigarane for L.nr 179 og 180 (bruk 1 og 2) var Ole Olsen Tvilde og enka Brita Olsdatter Tvilde.

For skog som stod på arealet betalte staten 5.406 kroner til bnr 1 og 11.718 kroner til bnr 2.

Noverande eigar av bnr 1 er Heine Tvilde, f 1956.

For bnr 2 er noverande eigar Johannes H. Tvilde, f. 1959.



Grunneigar for bnr 1 Hermund Tvilde med familie framom befalsmessa på Tvildemoen, kring 1923-24.

Oppsynsmannen for Tvildemoen

held til på den gamle husmannsplassen "Raaen", "Råæ" kalla.

Opphaveleg var det husmann Olav Sødernann fra Sverige som festa plassen og bygde nye hus der. Difor vart plassen også kalla "Sødernannstykket".




Husmansplassen "Raaen" med oppsynsmannsbustaden for Tvilde i bakgrunnen.

Ved eit makeskifte i 1885 fekk "militæretaten" hand om prestegarden sin eigedom "Raaen" og gav opp retten sin til den gamle "exerserplads" på Prestegarden. Då militærvesenet overtok, kjøpte staten også huset som bustad for oppsynsmannen.

På den gamle ekserserplassen på Vangen stod det to telthus, dvs depotbygningar. Det eine bygget overtok prestegarden, medan det andre vart flytt til Tvildemoen som verkstadsbygg for Hardanger bataljon. Det måtte løyvast pengar til flyttinga og i ein Storthingsproposition i 1884 vart det "tilladt anvendt kr 400,00". Ein kan vel trygt seia at pengane var vesentleg drygare i dei tider.

Regimentsfana



Nordre Bergenhus Infanteriregiment NR 10. Fana er frå 1914.

Regimentsfana viser til mange felttog. Det første var erobringa av Trøndelag i 1658. Med Roskildefreden vart heile Trondheim len lagt under svenskane, men vart teke attende i desember 1658. Bergenhusiske regiment var med under kringsetjinga av Trondheim der svenskane hadde sett seg fast. Tidlegare hadde Nordhordlandske og Indre Sogns kompani drive heimatt ein svensk hjelpestyrke i Verdalen.

Fana på biletet er frå 1914. I 1930 vart namnet endra til Fjordane Infanteriregiment nr 10.

Under den store Nordiske krigen 1700-21 var det harde tider. Store norske styrkar vart sett på krigsfot og sende til svenskegrensa, til Danmark og Nordtyskland. Soldatane var borte i fleire år og ikkje alle kom heim. Tapstala var store både i falne og dødsfall på grunn av sjukdom.

Eit eksempel på lagnaden til eit av kompania – Faste Hardangerske kompani – som i 1709 vart sendt til Christiania, i 1710 til Blaker og i 1711 til grensa i Høland. Kompaniet var ikkje med under felttoget i Båhuslen, men låg på Fredrikshald i 1712. Derifrå sendt til København, til Noreg våren 1716, attende til København i august og endeleg til Noreg i januar 1717 til teneste i Østfold og på galeasane i flåten. Heim med kompaniet kom 106, medan 60 var døde.¹

¹⁾ Egil Øvrebo: "I kongens teneste", Riksarkivarenes skriftserie 1996.

GRADMERKE OG TEIKN.			HEREN.
HUVE	KRAGE	OKSLKLAFF (kappe)	
			Generalmajor
			Oberst
			Oberstløytnant
			Major
			Kaptein Rittmeister
			Premierløytnant
			Sekondløytnant
			Gradmerke i sølv for Fotfolk, Hestfolk, Ingeniørfolk; i gull for Generallstab, Kanonfolk, Intendantur, Trankorps, Sanitet, Dyrtæskorps.
ERMUPPSLAG			
			Fanejunker Standartjunker
			Kommandersensjant
			Furer
			Sensjant
			Korporal
Offiser hev sabel-kvast av gull, underoffiser av sølv, korporal sabelband med raud kvast. Regimentsintendantar, regimentsadjuntar og kvartermeistrar hev utfør hagre oksli ein dusk av gull eller sølv.			
	Utmerkjingssteikn (um vinstre arm)	tyder	ved Fotfolket reserveunderfører .. Hestfolket patrullierar .. Kanonfolket spejar.
	FELTTEIKN (um hagre arm)		i krig bore av reiste skyttarflokkar m. v.
	GENFERKROSSEN	boren um vinstre arm av Sanitetsfolk.	

Norsk soldatbok
1921.

Flystripe på Bømoen

I 1933 tok arbeidet til med den første flystripa på Bømoen.

I 1938 var det ei "flygeuppvisning" på moen og det samla seg mykje folk.

"Den tyske Kunstflygaren Kalkstein sette alle i undring" skreiv bladet "Hordaland".

Bladet tok med i referatet at "Gjennom høgtalar vart det fortalt um dei ymse øvin-
gar, og ein fekk vita at fly av det slaget som Stene og Kalkstein hadde kostar um
lag 20.000 kr. Det brukar 25 l bensin i timen eller 1,2 l. Pr mil."

Flystripa var nytta ein del og i 1938 var ein Junker-maskin frå Widerøe stasjonert
her ei tid medan dei dreiv med flykartlegging.

Krag-Jørgensen-rifla

var infanteristen sitt handvåpen frå 1894. Det hadde kaliber 6,5 x 55 millimeter og vart produsert på Kongsberg. Våpnet fekk namn etter konstruktørane oberst Ole Krag og korpsbøsse-maker Erik Jørgensen.

Det vart rekna som eit godt våpen for si tid og var i bruk også i Danmark og ei tid også i den amerikanske hæren.



Då krigen kom til Voss



”Hordaland” 10. april 1940.

Det tyske overfallet på Noreg 9. april 1940 var eit sjokk – det var 125 år sidan sist det var ufred i landet. Forvirring, frykt og uvisse rådde, og det tok tid før ein forstod kva som skjedde.

Men kampviljen vakna, trass i at mange av dei norske mobiliseringslagra alt hadde falle i tyske hender.

Voss vart samlingspunktet for oppsetjing av 4. Brigade. Meir enn 6.000 mann kom frå fjerne og nær for å stå imot det tyske åtaket.


Det gjekk 16 dagar frå det tyske overfallet 9. april 1940 til den tyske hærmakta hadde teke Voss. I mellomtida rakk ”Hordaland” å få ut fire utgåver.

Lourdag 13. april 1940.



© 2006 The Authors
Journal compilation © 2006 Blackwell Publishing Ltd

29



Ihendehavargjeldsbrev frå 1940.

Foto: Vidar Hefte, Voss Folkemuseum

Med følgjande tekst:

”Ihendehavargjeldsbrev.”

*Innan 3 –tre– månader etter at det er vorte fred for Noreg
i den strid som landet vårt er blanda inn i, utbetalar Den
Norske Stat mot dette gjeldsbrevet til ihendehavaren*

10 – ti – norske kroner.

I mellomtida vert dette gjeldsbrevet nytta som vanleg betalingsmiddel.

Voss, den 14. april 1940

W. Steffens

Øverstkommanderende på Vestlandet

Bladet ”Hordaland” fekk i oppdrag å prenta desse pengane som vart kalla ”Steffenspengar. I alt vart det trykt for 350.000 kroner, og setlar for 192.000 kroner vart sett i sirkulasjon. Dette var dei første pengesetlane som til den tid hadde vore i bruk med nynorsk tekst, skreiv Gjerdåker.



Tyskarane spreidde flygeblad mange stader for å "rettferdiggjera" invasjonen og for å freista å hindra norsk mobilisering og motstand.

I oppropet frå den øvste sjefen for invasjonsstyrkane, general von Falkenhorst, er sagt m.a: "Derfor har Tyskland besluttet at foregripe det engelske angrep og med sine maktmidler selv at overta beskyttelsen av det norske og det danske kongerikes nøytralitet og værne den sålänge krigen varer.

"Det er ikke den tyske regjerings hensigt at skaffe sig et støttepunkt i kampen mot England, den har utelukkende det mål, at hindre, at Skandinavien blir slagmark for de engelske krigsutvidelser."

I oppropet, som er skrive på eit heller skrøpeleg dansk/norsk, reknar dei med at folk er "fornuftige og viser god vilje, slik at de unnlater enhver passiv eller aktiv motstand. Den vil være uten nytte og bli brutt med alle maktmidler...".

"Fienden må ikke få noen hjelp..."

Kunngjøring

fra

overkommandoen på Vestlandet.

1. De militære (landmilitære og sjømilitære) myndigheter på Vestlandet er i funksjon som før krigsutbruddet og samarbeider nu med de civile myndigheter for å gjennomføre forsvaret av denne landsdel.
Hver borger må vise ro og oppofrelse slik at myndighetenes forskjellige påbud noie blir overholdt. De rekvireringene eller oppkjøp som finner sted, tilskifter bare å sikre en rettferdig fordeling av de forråd som fins i distriktet med tanke på troppenes og civilbefolkningens fremtidige behov.
På denne årstid må vi nok regne med at det kan bli knapt om visse matvarer og føvarer. Derfor må vi alle gjennomføre en pinlig rasjonering. Intet sløseri med matvarene må finne sted.
2. Fienden må ikke få noen hjelp eller opplysning om forholdene inne i distriktene.
Spionfaren er stor. Gi aldri opplysninger til ukjente om militære forhold. Selv små opplysninger kan være av betydning for fienden.
Når soldatene skriver hjem er det forbudt å si noe om hvor de er eller hvad avdelingen holder på med.
De som skriver til soldatene må heller ikke gi opplysninger om militære ting som skjer i hjembygden.
3. Pressen må heller ikke gi noen opplysninger som kan tenkes være til skade. Se serskilt kunngjøring i dette blad.
4. **Om forhold ved luftangrep.**
Når der høres motordur må sivilbefolkningen søke skjul best mulig på nærmeste sted.

IR-10s arkiv

Mobilisering for 4. Brigade på Voss

I 1940 kom Bømoen og Tvildemoen til å spela ei viktig rolle i motstandskampen mot dei tyske angriparane.

Generalmajor William Steffens som var sjef for Hærens 4. divisjon reiste til Voss og det vart sett i verk mobilisering. Frå alle kantar i Hordaland og Sogn og Fjordane kom det strøymande vernepliktige, skyttarlagsmedlemmer og mange andre friviljuge. Det var ikkje mindre enn 6.300 mann i Vossa-området.

Voss vart mobiliseringsstaden for 4. Brigade, med oberst Gudbrand Østbye som sjef.

Brigaden hadde ansvaret for sikring av Vossa-avsnittet og brukte i første omgang I/IR 9 som var den einaste avdelinga i Brigaden som var oppsett ved krigsutbrotet.

Bergen var på dette tidspunktet hærteken og mobiliseringslagra for IR/9 på Ulven var tekne. Det var om å gjera å stogga tyskarane som tok seg fram langs Vossebana, og å hindra dei i å koma opp frå Hardangerfjorden.

Voss var den einaste plassen i Sør-Noreg der det lukkast å få sett opp ein bortimot fulltallig brigade, med det utstyr som skulle til. Det kom tyske fly på rekognosering og på grunn av fåren for bombeåtak vart mobiliseringssoldatane spreidd utanfor Bømoen og Tvildemoen.

På Tvildemoen var store ammunisjonsdepot, meir enn 300 tonn¹. Men mitraljøs-eskyttarane fekk likevel ordre om ikkeje å øyda ammunisjon mot høgtflygande fly.

General Steffens ville planleggja eit motåtak mot Bergenshalvøya, men det skulle gå annleis. Størsteparten av 4. Brigade vart beordra austover, i fleire puljer, i ein freistnad på å stogga invasjonen i Valdres og Hallingdal. Dei første avdelingar – ein mitraljøsetropp og to pionertropper – vart sendt til Hallingdal alt 12. april. Den 16. april om kvelden gjekk tre tog frå Bulken og Voss. Transportane gjekk nattestid for å unngå tyske flyåtak. Første bataljon IR 10 og eit halvt bergbatteri kom fram til Gol tidleg om morgonen 17. april og vart derfrå frakta med bilar til Valdres. Den 19. april avløyste dei Landvern bataljonen av IR/6 som lå i stillingar ved Bagn. Landvern bataljonen hadde då vore på marsj og i kampar i heile 10 døgn.

Seinare kom fleire andre avdelingar til Valdres, m.a. Bn II/ IR9 som var sett opp på Voss med utstyr som var lagra der.

Vestlendingane kjempa med heider i Valdres-felttoget, men den samla innsatsen var for liten og kom for seint. Dei norske soldatane hadde ei sers vanskeleg oppgåve - på få dagar skulle sivilistar gjerast til soldatar – nokre hadde ikkje teke i eit Krag Jørgensen-geværpå fleire år.

¹⁾ Fjordane Infanteriregiment nr 10, s 167

Til dømes var det ein soldat som hadde gjort teneste i Garden i 1921, men var med på "beredskapsskyting" i 1939 og kunne difor handtera rifla.

Det stod ikkje bra til med forsvaret etter "nedrustinga" tidleg på 30-talet. Serleg var det mangel på tyngre våpen. Likevel gjorde vestlendingane i 4. Brigade ein formidabel innsats mot ei stor overmakt.

I 4. Brigade var det ca 4.800 mann, medan tyskarane gjekk fram med ein forsterka divisjon på 14.000 ². Den 30. april var siste kampdagen og den 1. mai la 4. Brigade ned sine våpen. Dei slitne mannskapa vart deretter internert på Hvalsmoen ved Hønefoss. Likevel var det nokre soldatar som ikkje ville la seg internera, og som rømde over til Sogn.

Då oberst Østbye møtte den tyske divisjonssjefen, generalmajor Engelbrecht, vart han spurd om den norske 4. divisjon. Den tyske generalen ville nesten ikkje tru at denne divisjonen ikkje eksisterte ³. Tyskarane må ha rekna med at dei norske styrkane var langt større enn ein brigade.

Men motstandskampen kosta. I 4. Brigade var det 46 falne og 237 såra og sjuke innlagde på sjukehus. I tillegg kom dei sivile tap. Dei tyske tapa var langt større. Det tyske regimentet som utgjorde hovudstyrken, hadde 157 døde og ca 300 såra. I tillegg kom tap ved andre tyske avdelingar ⁴.

Tvangsinnsamling av gummistøvlar

"Tyskarane var ikkje godt utstyrt for vinterkrigen på austfronten og heller ikkje for tøvêret som kom seinare. Hausten 1942 bestemte der Reichskommissar at det skulle samlast inn gummistøvlar til bruk for Deutsche Wehrmacht:

"De personer som rekvisisjonen berører, skal straks - og senest innen 4. november 1942 - avgi melding til stedets ordfører om samtlige brukbare gummistøvler av størrelse nr 41 og derover som de er i besiddelse av"

Brot på avleveringsplikta skulle straffast etter tysk rett.

²⁾ Gudbrand Østbye: *Krigen i Valdres*, Oslo 1946

³⁾ Niels Hertzberg: *Operasjonene i Ådalen og Valdres*, Oslo 1962, s 392

⁴⁾ *Operasjonene i Ådalen og Valdres*, s 398



Bagnsbergatn

Bagnsbergatn er i dag eit museum til minne om den harde striden då eit tysk kompani vart nedkjempa her. Biletet er teke av kaptein Fredrik W. Rieber Mohn som var sjef for Kp 3/IR-10. Dette kompaniet gjekk til åtak på det tyske Kp 9/IR 236 den 21. april 1940. På staden var det ca 90 tyske soldatar, inkludert 17 hardt skadde, og der var åtte falne frå kampane i Gråbeinhølet dagen før der også fem norske soldatar miste livet. Tyskarane hadde internert om lag 30 sivile som var stengde inne i den minste stova på Bagnsbergatn, noko som var ukjent for dei norske soldatane. Under striden på garden miste ein sivil livet og to vart såra. Ingen norske soldatar fall den dagen, medan tyskarane hadde 9 falne og mange såra, Mellom dei såra var den tyske kompanisjefen , oberleutnant Herbert Stemmer. Resten av det tyske kompaniet vart teke til fange og ført til Fagernes.

Biletet er stilt til rådvelde av lokalhistorikaren Kristian Bergsund. Det er teke av Fredrik W. Rieber Mohn sumaren 1940 etter at han var utskriven frå Lærdal sjukehus etter skotskade han fekk under kamp i Vestre Slidre 30. april.

Major Andreas **Hauge** har i ei bok utgjeve av Forsvarsmuseet i 1986 skildra nokre trefningar der norske soldatar viste av dei kunne bita frå seg. Han skriv m.a.:

”Det var en lang rekke trefninger i Valdres som fortjener å fremheves. I denne boken skal interessen samles om kampene i Gråbeinhølet og på Bagnsbergene gård i Bagn, hvor et uøvet norsk kompani under kommando av reservebefal i kortholdskamp stoppet en tilsvarende tysk styrke som var på marsj for å omgå det norske forsvaret i Bagn. Det velutstyrte, veløvede tyske kompani ble drevet tilbake og nedkjempet. Denne kamphandlingen er kanskje den mest lysende bragd som noe norsk kompani gjennomførte i 1940 i Syd-Norge”.



Teikninga syner korporal Sverre Aas som leiår laget sitt i Gråbeinhølet. I denne trefningen fall fem IR 10-soldatar og fleire vart såra.

Dette kompaniet var 3. kompani av 1. bataljon IR-10 og sjefen var kaptein Fredrik W. Rieber-Mohn. Men denne sigeren kom ikkje utan tap – det var fem norske soldatar som miste livet her: korporal Knut Skjeldal frå Bulken, Edvin Færøy frå Gulen, Hans Stalheim frå Vossestrand, Konrad K. Byrknes frå Gulen, Olav Hesjedal frå Bruvik.

Også ved Breidablikk makta eit lite norsk kompani å hamla opp med ei tilsvarande tysk avdeling.

I eit forsøk på å omgå dei norske styrkane sendte tyskarane eit kompani i ein flankeloperasjon over Tonsåsen. Men ved Breidablikk vart dei møtt av 6. kompani av IR9 under leiing av kaptein Elias Haukeland.

Dei første som kom i strid med det tyske kompaniet var eit vaktlag under sersjant Alf Vatle.

Andreas Hauge har skildra striden og skriv m.a.:

”- harde strider blusset opp omkring veikrysset ved Breidablikk. Styrkene var ikke store, omkring 60 mann på hver side, men tyskerne hadde tre mitraljøser mot nordmennenes ene maskingevær i brennpunktet. Begge parter kjempet isolert med små muligheter for å få hjelp av egne avdelinger. Kampen ble derfor bitter, idet avdelingene på begge sider kjempet for sitt være eller ikke være-”.

To norske stormgrupper vart sende fram, den eine under sersjant Wæhle, den andre under fenrik Negaard. Sersjant Vatle fylgde med som kjentmann. Tyskarane sin kammoral vart broten og fleire og fleire overga seg. Tolv falne og fem såra tyskarar låg att ved Breidablikk, mens resten av det tyske kompaniet flykta.

Andreas Hauge skriv at spesielt bør Nils Wæhle, fenrik Negaard, Alf Vatle og Torstein Selvik verta hugsa for sin innsats i denne trefningen.

Motstandskampen vart lagt merke til.

Kaj Munk – den danske presten og diktaren – førte ein uredd kamp for sanning og ”danskhet” og mot dei som var forsiktige. Eit av dikta hans heiter ”Hyldest til Norge” og tar til slik:

*Ja, vi elsker dette Landet
Nu som aldrig før.
Trodsigt stiger det af Vandet,
Lever mens det dør.
Just fordi det valgte modig
Undergangens Kaar,
Skal det gro og grønnes frodig
Frem i tusind Aar.*

”Besættelsesmagten” likte ikkje det han skreiv og i 1944 vart han drepen av nazistane.



Deltakarmedalje

Deltakarmedalje vart “bifalt” av H. M. Kongen 19. september 1945 og vart tildelt alle dei som var i kamp for Noreg 9. april 1940 - 8. mai 1945.

Medalja er i bronse, med tilhøyrande band i raudt, kvitt og blått.

Knipetang-operasjonen mot Voss



I djup snø dro tyske soldatar over fjellet frå Ålvik til Bördalen 26.april 1940. I kvilepausene la dei ut nazi-kjenneteikn i snøen, for ikkje å verta angripne av egne fly. Biletet er teke av ein tysk løytnant.

Medan striden rasa i Valdres var det hard motstandskamp i heile Vosse-avsnittet med soldatar frå IR/9 og frå IR-10. Størsteparten av dei norske styrkane var sende austover, og det var ikkje store styrkar att for å forsvare Vossa-området.

Første bataljon av IR/9 låg på nøytralitetsvakt på Ulven og marsjerte om morgonen 9. april mot Bergen. Saman med nokre andre improviserte avdelingar var det starten for 4. Brigade som oberst Østbye fekk kommandoen over. Han hadde frå 1937 vore sjef for IR-10.

Det første hovudkvarteret var på Nesttun, men dei norske styrkane som var til rådvelde trakk seg etterkvart til Arna og vidare langs Vosse-bana. Ulven leir med mobiliseringsdepota for IR/9 fall i tyskarane sine hender. Den tyske generalmajor Hermann Tittel hadde om lag 1900 soldater fra 69.

Infanteridivisjon i Bergensområdet den 9. april. Etterkvart kom det forsterkningar. Den tyske knipetangsoperasjonen mot Voss vart utført av tre stridsgrupper: 500 mann gjekk langs jernbanen mot Voss – 400 mann rykte fram frå Ålvik over fjellet til Bordalen – 600 mann var landsett i Granvin og gjekk til åtak derfrå. (Den gongen var det ikkje vegsamband mellom Granvin og Ålvik)

Terrorbombinga av Vossevangen



Tyskarane fylgde med i det som skjedde på Voss og både 10. og 11. april var det rekognoseringsfly over Bømoen og Tvildemoen. Flybombene kom seinare.

Om morgonen den 23. april gjekk seks tyske Heinkel bombefly – dei kom i låg høgde over lia langs Gråsida - til åtak mot Vossevangen og sleppte eit stort tal spreng- og brannbomber.

Neste dag, 24. april fortsatte bombinga og då rauk resten av Vangen med. Det var mest trehus og skadene var store. Heile 82 hus brente ned og ni norske vart drepne.

Den 25. april vart det nesten ikkje bomba på Vangen, skriv Nils T. Kvamsdal og Sigmund Midtun i heftet "Fem år i krig", utgjeve på Voss i 1990: "Då konsentrerte tyskarane sin innsats omkring dei norske styrkane sin retrett oppover mot Vosses-trand, dessutan bomba dei oppover i Raundalen. I tillegg til bombinga, var det ein forferdeleg maskingevær-skyting frå Stuka jagarfly".

Desse terroråtakinga – som la Vangen flat - var nok ei av årsakene til at det spinkle norske forsvaret i Vosse-avsnittet til slutt braut saman.

Wiederöffnung der Bergen- Bahn



Bilete utlånt av Paul Sedal og Halvor Sperbund

Då Bergensbanen opna att i mai 1940 var det stor mottaking på Voss stasjon for generalmajor Tittel, vizeadmiral von Schrader og "Gebietskommissar" Schaller. Biletet er teke av ein tysk gefreiter (korporal).

Dei ante vel ikkje at etter eit par år bar det utforbakke med "das dritte Reich" og at det skulle enda i ufattelege ruinar i Berlin i 1945.

Für Deutsche Wehrmacht



Die Wehrmacht gjorde stor bruk av jernbanen og sytte for at dei mange sprengte bruene snøggj vart sett i stand att. Det var nettopp i Tyskland troppeforflytningar med tog først vart utvikla. Edward Crankshaw skriv i ei bok om Bismarck: "Fremforalt var Moltke den første stabssjef som skjønte hvordan problemene med logistikk, bevegelsen og forsyningen av armeer, hadde blitt forandret med jernbanens fremkomst."

“Etter førerens befaling”

I ein proklamasjon 26. april frå Rikskommisær Terboven er det m.a. sagt at:

”Etter førerens befaling har jeg som rikskommissær overtatt hele den sivile myndighet i de besatte områder for den tid okkupasjonen varer”

I proklamasjonen er m.a. sagt at ei hovudoppgåve er

”Tilveiebringelsen av alle forutsetninger for de militære behov som er nødvendige i et land hvor det mot den tyske riksregjerings vilje beklageligvis ennå må kjempes”

Bømoen og Tvildemoen under tysk styring

På Bømoen stasjonerte tyskarane ein infanteribataljon, på i underkant av 1000 mann. Bømoen var også rekonvalesentleir for tyske flygarar. Frå november 1942 kom det 350-400 russiske krigsfangar som vart fordelt på dei to leirane.

Før tyskarane tok Bømoen hadde dei bomba leiren og fleire bygningar vart øydelagde.

I 1943 brann offisersmessa. Men "vernemakta" bygde også ei rad med store og små bygningar og fleire tankanlegg.

På Tvildemoen vart leiren mykje utvida og det var forlagt kring 1000 mann.



Foto utlånt av Paul Sedal og Halvor Sperbund

Tyskarane var sterkt interessert i flystripa på Bømoen og sette alt sumaren 1940 i gang med å byggja om flyplassen, Sola var på den tid einaste flyplassen dei hadde på Vestlandet og dei trengte fleire i sin offensiv "Gegen Engeland".

Generaloberst Hans Jürgen Stumpff, som var øvste sjef for Luftwaffe i Noreg, kom sjølv med eit Junker 52-fly frå Fornebu til Voss for å inspisera det arbeidet som var i gang. Biletet av Junker-maskina ovanfor er truleg tatt tidleg i 1940, før det var lagt plankedekke på flystripa

Britane fylgde med og den 26. juni 1940 bomba dei flyplassen som var under bygging. Men skadene var ikkje større enn at tyske kampfly etter ei tid opererte frå Bømoen.

Det vart også bygt ein flyhangar og både Messerschmitt ME 110 og Junker JU-52 var å sjå på Bømoen.



Foto utlånt av Paul Sedal og Halvor Sperbund.

Toppleiinga i Luftwaffe i Noreg på synfaring på Bømoen. Det hasta for dei å få utvida flyplassen og ein stor arbeidsstyrke vart sett på oppgåva.



Biletet syner ei lysing i "Hordaland" 20. okt 1943, og kopi av eit betalingsvarsel på kr 14,-

Hærverk mot "vernemakta"

Innbyggjarane i Voss herad vart i 1943 straffa kollektivt for ulydnad mot den nye tid. Bota var på kr 100.000 + inndragning av radioane som ein var tvungen til å innlevere i 1941. Men NS-medlemmer var sjølv sagt fritekne for å betala.

Bota vart fastsett av det tyske sikkerhetspolitiet som straff for at nokre telefonkablur var avskårne, utan at det lukkast politiet å finna dei skuldige. (Det var fleire som visste kven den "skuldige" var, men ingen sladra).

Begge deler er henta frå Gunnar Kinne si bok "Om Bømoen", Voss 2006.

Ei bot på kr 14,- høyrest ikkje mykje ut i dag, men så var heller ikkje timeløna stor den gongen - kring ei krone og 15 øre.

"Kampfschule Voss"

Då vi kom litt ut i 1945 tok det for alvor til å rakna for dei tyske styrkane. Amerikanane hadde då gått over Rhinen. Den tyske marinen hadde lite drivstoff og mange fartøy låg ved kai. Halvor Sperbund skriv i si bok "Brennpunkt Westküste" m.a.:

"I Bergen mottar Admiral von Schrader ordre fra høyere hold om å sende sine skipsoffiserer på infanterikurs til Kampfschule Voss på Bømoen. Der skal sjøfolkene hans lære seg å kjempe med infanterivåpen mot bakkestyrker og skridsvogner, en situasjon som verken von Schrader eller hans menn hadde kunnet tenke seg i sine villeste fantasier. Men nå har drivstoffmangelen stillgelegt så mange krigsfartøy at overflødig marinepersonell blir øremerket for infanteriavdelinger".

Vizeadmiralen inspiserte sjølv øvingane på Bømoen og marineoffiserane som no var kledd i Wehrmacht-uniformar. Dei øvde m.a. med antitankvåpen av typen „Panzerfaust“

Admiral von Schrader tok sitt eige liv i Bergen 19. juli 1945 då han skulle arresterast av britane, mistenkt for krigsbrottsverk.

Den tyske kapitulasjon i Noreg

kom først 8. mai 1945. Alt den 4. mai om kvelden vart det i general Montgomerys hovudkvarter ved Lüneburg undertekna ein avtale om at alle tyske styrkar i Holland, Nordvesttyskland og Danmark la ned sine våpen.

Jamvel om våpenstillstanden skulle tre i kraft neste morgon kl 08, vart det ikkje fyrt av eit einaste kanonskot langs den britiske fronten den natta.

Men Noreg var ikkje nemnd, og det var uvisse om dei store tyske styrkane i Noreg ville følgja etter – eller halda fram med striden i ”Festung Norwegen”. Men så kom endeleg den offisielle budskapet – og freden braut laus.



Dei venta på meldinga frå London

Folk samla seg i store skarar på Vangen 7. mai om kvelden. Mellom Avhaldskafeen og Voss Handelslag hang ein høgtalar som nazistane brukte til å spreia tysk propaganda- Eit par handfaste karar tvang seg inn på NS-kontoret og fekk sett radioen på London. Krigen var endeleg slutt.

Berlin 9. mai 1945: Underteikninga av kapitulasjonen i det sovjetiske hovudkvarteret i Karlshorst i Berlin. Russarane hadde insistert på at den endelege kapitulasjonen måtte skje i Berlin.



Frå venstre ein gamal kjenning frå Voss, Generaloberst Stumpff. I midten Generalfeldmarschall Keitel (arrogant til det siste). Til høgre Generaladmiral von Friedeburg som alt hadde kapitulert for general Montgomery på Lüneburger heide.

”Felles innsats til det felles beste”

”Norske krigsmenn !

Vi har holdt sammen i fem lange og tunge år. Vi har hver på vår kan kjempet for det mål vi i dag står foran, å heise det frie norske flagg som frie kvinner og menn. Vårt flagg er rent og må det samlende korsmerke mane oss til fremdeles å holde sammen. La oss også i den situasjon vi står i dag yte en felles innsats til det felles beste. La oss samle oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet.”

Frå ein tale av Forsvarssjefen, Kronprins Olav, til dei norske heimestyrkane på frigjeringsdagen.

Så kom fredsvåren



Heimefronten marsjerte inn på Vossevangen 11. mai 1945 for å vakta viktige bygninger og knutepunkt. Dei store tyske styrkane på Bømoen og Tvildemoen held seg i ro - disiplin var der framleis. Folk jubla – det var nesten 17. Mai kvar dag. Etterkvart tok regimentet over att på Bømoen og Tvildemoen. Det var mykje å ta fatt på – dei tyske styrkane skulle avvæpnast og sendast heim – og det var mange krigsfangar frå fleire land som måtte takast vare på. Heimestyrkane gjorde jobben sin, og etterkvart vart det sett opp egne vaktbataljonar.

Herre i eige hus, etter fem lange år



Frå heimefronten si monstring på idrottsplassen 13. mai 1945.

Nazi-bålet på idrottsplassen 13. mai 1945



Endeleg var det slutt på krigen og vossingane såg med stor glede på nazi-bålet med bilete av Vidkun Quisling i toppen.
Ei mengde Nazi-effektar – m.a. frå Rikshirden – gjekk opp i flammar på idrottsplassen.



Bilete: Voss Folkemuseum

Sovjetiske krigsfangar i Noreg 1941 – 1945.

Omlag 100 000 sovjetiske krigsfangar var i tysk fangeskap i Noreg i krigsåra 1941 – 1945. Dei fleste av fangane var soldatar frå den Røde Arme, men det var og 9000 sivile russiske tvangsarbeidarar, som også omfatta ca. 1400 kvinner og 400 born. Krigsfangane vart plassert rundt om i landet. Fangeleirane på Bømoen og Tvildemoen hadde kring 700 av fangane. Dei vart brukt til bygging av militære anlegg, Russarvegen og utbygging av flyplassen på Bømoen.

Vossingane møtte fram på jernbanestasjonen for å ta avskjed med fangane då dei reiste heim i juni 1945.

Ein minnestein vart reist

på Assistentkyrkjegard 2, til minne om russiske krigsfangar som let livet på Voss under krigen. Minnesteinen er reist av fagorganisasjonen på Voss 31.august 1947

Støtta har sju namn, skrive med det kyrilliske alfabet. Fem av dei vart skotne som avstraffing eller under fluktforsøk, to omkom ved arbeidsulukker.

60 års markering 8. mai 2005

På steinen står det:

1940 – 1945

**For Noreg gav dei livet sitt –
so landet atter kunne verta fritt.**

Til minne om bygda sine egne



Ved minnesteinen i Prestegardsmoen.

Foto: Rolf Tépstad, "Hordaland"

Ved minnesmerket i Prestegardsmoen er det kransepålegging kvar 8.mai. I 2005 hadde "Tysklandsbrigaden, Veteranforening for Voss og omland" lagt opp til ei spesiell markering.

Gutemusikken av 1947 og ungdomskoret Refleks sytte for musikken.

Torbjørn Seim talte ved minnesmerket og sa m.a.:

Gode vener ! Me er samla for å minnast. Året 2005 er eit einaste stort minneår – 100 år for unionsoppløysinga og 60 år for frigjeringa. Her og no er det frigjeringa for 60 år sidan, og dei som fall i fridomskampen, me vil minnast. Me som hugsar og opplevde 1945 vert stadig færre – og nye slekter har ikkje det same nære tilhøvet til desse hendingane som me. Difor trengst ei påminning. Folket vårt sto samla i fridomskampen.

På ein konfirmasjonssundag som i dag er det naturleg å minna om kyrkja sin kamp mot framandvelde – og eg nemner serskild Peter Madland som ein frittalande og uredde prest og motstandsmann. Det haldt på å kosta han dyrt. Men då heimestyrkane kom fram i ljuset i maidagane hadde Madland feltprestuniform.

*Me har opplevd krigstid og motgang, men også all vokster og framgang i åra seinare. I dag har me mykje å gleda oss over og mykje å vera takksame for. Lat oss hugsa på det ein slik dag.
I takksam og vyrdnad legg eg desse blomane ved minnesteinen.*



Atterreisinga av hæren

Etter krigen skjedde dei første åra serleg gjennom utdanning i **Tysklandsbrigaden**. I åra 1947-53 gjorde kring 50.000 norske ungdomar teneste i Brigaden. i ymse avdelingar, med H-7 merket i lua.

Infanteribataljon nr 2 i Brigaden var den såkalla Vestlandsbataljonen som frå 1948 hadde kvarter i Husum. Men vestlendingar gjorde teneste også i artilleribataljonen og fleire andre avdelingar.

IR/9 og IR-10 stod for utskriving av det mannskapet som trongst.

For ungdomane som hadde opplevd den tyske okkupasjonen var det ei spesiell oppleving å gå med norsk uniform i Tyskland. Uniformen var rett nok britiske battle-dressar og utstyr og våpen var også av britisk opphav. Men kjenneteikna på uniformen var norske. På skuldra var det i tillegg sydd på ein lapp med "Norge".



Våpenpuss var ein del av kvardagen, ikkje minst når ein var på ymse øvingsfelt rundt om i den britiske sonen. Etter ein lang dag på eit øvingsfelt i Sennelager i Westfalen, er eit geværslag i ferd med å stella med sine Lee Enfield-rifler og Sten gun. (Juli 1951.)

Store feltøvingar

har det vore mange av gjennom åra, med m.a. Bømoen som utgangspunkt. Ei av de mest kjende frå tida etter krigen var Øvelse Høst 1952. Det var ein stor manøver som gjekk føre seg ved Andebu i Vestfold, og mannskap både frå IR9 og IR-10. var med. Det var den største felttenesteøvinga i Noreg sidan 1916 og den største manøver etter krigen. I alt var det med ikkje mindre enn kring 30.000 mann – og dei fleste hadde gjort teneste i Tysklandsbrigaden.

Iallfall for eitt av kompania kom innkallinga berre ti månader etter dimisjonen frå Tysklandsbrigaden. Det var stort sett dei gamle karane pluss nokre nye fjes som møtte. Men kompanisjefen, som var kompaniet sin gamle NK frå Tyskland, kjende ikkje att fordelinga av mannskapet - Regimentet hadde stokka om på jobbane. Kapteinen rista på hovudet og under stor muntrasjon gav han ordren: "Oppstilling på gamlemåten". Dermed var kompaniet straks attende i gamle rutiner.

Trening med nye våpen starta i Ulven leir, men vart så flytta til Bømoen og områda rundt. Ei tid låg eit par kompani i teltleir ved Flatlandsmo.

Bømoen er rett nok eit stort område, men det merktes når meir enn tusen mann samla seg. Og så bar det austetter til manøver – sjølvsagt med jernbanetransport frå Voss.

I dei følgjande åra var det fleire feltøvingar, men ikkje med same omfanget som i 1952.

Voss vart eit viktig treningssenter for både norske og utanlandske avdelingar. Alt frå 1963 var det alliert vintertrening på Voss, og øvings- og skytefelt vart bygde ut etterkvart.



Alliert Treningssenter/Sør

vart etablert i august 2002 og sentret tok over infrastruktur på Bømoen og nøkkelpersonell frå det tidlegare Fjordane regiment. Oppdraget er å tilretteleggja for all landbasert utanlandsk trening i Sør-Noreg. Dette inkluderer også helikopteravdelingar.

Fordelen med å trenast i Vosseområdet er kort avstand og gode kommunikasjonar for utlendingane både til Storbritannia og kontinentet – at det er variert fjellterreng – at det er snøsikkert til fjells – og at det er gode skyte- og øvingsfelt.

Men omorganiseringa av Forsvaret dei siste åra ser no ut til også å råka Bømoen, og framtida er uviss.



Det har vore mange plasskommandantar på Bømoen gjennom 110 år.

Oberstløytnant Oddmund Nygård

sjefen for Alliert Treningssenter/Sør
er kanskje den siste.

Dette heftet er skrive til minne om alle som opp gjennom tidene har slitt og sveitta "på moen" - og i respekt for alle som gjorde sitt for å halda oppe forsvaret her vest - og for dei som trådte til då det gjaldt som mest.

Det står minnesteinar mange stader over dei som fall i strid. I 1948 vart minnesmerket over 55 soldatar frå IR-10 som fall i kampar i 1940 avduka på den gamle oppstillingsplassen for regimentet på Bømoen. I 1985 vart sett opp eit minnesmerke på Tvildemoen over tre artilleristar frå Bergartilleribataljon 2 som fall i Valdres.

Lat oss heller ikkje gløyma Veteranbautaen som vart avduka 17. Mai 1905 på Vangen, til minne om dei som var med i krigen 1807-14. Det er 122 namn på steinen.

Aage Henning Stavenes

Nils T. Selvik

Me takkar desse for støtte til utgjeving av heftet:



Hordaland



